

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet vil poengttere følgjande:

Denne saka har vore lagt fram for vedtak i Fylkesutvalet, men har, etter den kjennskap vi har, blitt utsett. Fylkeseldrerådet er svært kritisk til at denne saka ikkje var lagt fram for Fylkeseldrerådet til uttale før den vart lagt fram til handsaming i dei politiske organa. Reglane tilseier at alle saker som gjeld dei eldre sine levekår skal leggast fram for eldrerådet til uttale.

Vi er svært kritisk til innføring av ei slik avgift som vi veit i stor grad vil råke dei eldre og svakaste i samfunnet. Tvert i mot må vi ha eit enkelt og rimeleg opplegg som stimulerer eldre til å kome seg opp av stolen og gjerne ut på korte eller lange reiser. Det er snakka mykje om at vi skal legge til rette for å få fleire til å kome seg ut å delta i det sosiale livet. Dette forslaget legg ikkje opp til slike tiltak.

Vi registrerer også at planen er å vurdere dette innført i heile Vestland.

Forslaget står også i sterkt kontrast til det som står i nytt frå Vestland fylkeskommune 25.09.2020 at ein får 13 milliardar kroner til byutvikling i Bergen og fire omkringliggende kommunar. Det skal gå til utbygging av kollektivtrafikken, Bybanen, gang- og sykkelvegar, innfartsparkering og miljøvenleg teknologi. Heilt til slutt står det eit avsnitt om reduserte billettprisar. Her står det: «Staten gir også tilskot på 500 millionar kroner til reduserte billettprisar i kollektivtrafikken».

Fylkeseldrerådet stiller seg svært kritisk til framleggelsen om ombordtillegg på bruk av bankkort. Dette er ikkje i tråd med det ein er oppteken av mellom anna i utvikling av aldersvenlege lokalsamfunn.»

Kristina Vaktskjold Hamre sette på vegner av seg sjølv og Berit Anne Knudsen Larsen frem slikt forslag til tillegg:

«Fylkeseldrerådet sluttar seg til uttalen frå RMNF, og vil poengttere at det prinsipielt bør vere lik pris på reiser uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.»

Avrøyting

Harald Ekroll sitt forslag til uttale vart samråystes vedteke.

Kristina Vaktskjold Hamre sitt forslag til tillegg vart samråystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gje følgjande uttale på «Ombordtillegg på bruk av bankkort om bord på bussane i Hordalandskontraktane»:

Fylkeseldrerådet sluttar seg til uttalen frå RMNF, og vil poengttere at det prinsipielt bør vere lik pris på reiser uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.

Fylkeseldrerådet vil også poengttere følgjande:

Denne saka har vore lagt fram for vedtak i Fylkesutvalet, men har, etter den kjennskap vi har, blitt utsett. Fylkeseldrerådet er svært kritisk til at denne saka ikkje var lagt fram for Fylkeseldrerådet til uttale før den vart lagt fram til handsaming i dei politiske organa. Reglane tilseier at alle saker som gjeld dei eldre sine levekår skal leggast fram for eldrerådet til uttale.

Vi er svært kritisk til innføring av ei slik avgift som vi veit i stor grad vil råke dei eldre og svakaste i samfunnet. Tvert i mot må vi ha eit enkelt og rimeleg opplegg som stimulerer eldre til å kome seg opp av stolen og gjerne ut på korte eller lange reiser. Det er snakka mykje om at vi skal legge til rette for å få fleire til å kome seg ut å delta i det sosiale livet. Dette forslaget legg ikkje opp til slike tiltak.

Vi registrerer også at planen er å vurdere dette innført i heile Vestland.

Forslaget står også i sterk kontrast til det som står i nytt frå Vestland fylkeskommune 25.09.2020 at ein får 13 milliardar kroner til byutvikling i Bergen og fire omkringliggende kommunar. Det skal gå til utbygging av kollektivtrafikken, Bybanen, gang- og sykkelvegar, innfartsparkering og miljøvenleg teknologi. Heilt til slutt står det eit avsnitt om reduserte billettpisar. Her står det: «Staten gir også tilskot på 500 millionar kroner til reduserte billettpisar i kollektivtrafikken».

Fylkeseldrerådet stiller seg svært kritisk til framleggget om ombordtillegg på bruk av bankkort. Dette er ikkje i tråd med det ein er oppteken av mellom anna i utvikling av aldersvenlege lokalsamfunn.